

LANDBRUKSPLAN FOR HARDANGER


Eidfjord kommune



Odda kommune



Granvin herad



Ullensvang herad



Jondal kommune



Ulvik herad



Status: Sektorplan

Planen gjeld frå og med 2005 til og med 2008

Vedtatt i Jondal kommunestyre

Vedtatt i Odda kommunestyre

Vedtatt i Ullensvang heradstyre06.06.2005

Vedtatt i Eidfjord kommunestyre

Vedtatt i Ulvik heradstyre

Vedtatt i Granvin heradstyre

Framtidsutsikter for landbruket i Hardanger

I Hardanger har landbruket tradisjon for mangesysleri og nødvendig deltidsarbeid utanfor garden. Bøndene og ektefellane har dels teke lønna arbeid og dels skapt eige næring i tilknytning til gardsdrifta.

I tider med aukande prispress på landbruksprodukta og sviktande inntekter frå desse, har mange av gardsbruka i Hardanger vorte til sommarhusvære og til leigejord. Sjølv om den beste jorda er i drift, så snik etter kvart atgroinga av kulturlandskapet seg også inn over Hardanger. Dette er svært alvorleg for Hardanger som ein av dei viktigaste naturbaserte reiselivsdestinasjonane i landet. For å oppretthalda kulturlandskapet treng Hardanger ei aktiv og attraktiv landbruksnæring. Reiselivsnæringa vil tapa mykje i Noreg viss Hardanger og andre naturreisemål får lov å gro att. For Hardanger kan det verta katastrofalt.

Hardanger har få naturgjevne føresetnader for stordrift og bulkproduksjon av landbruksprodukt. Skal Hardangerlandbruket lukkast i framtida må mange av gardsbruka tilbake i sjølvstendig drift og bøndene som landskapsarbeidarar må få betalt for innsatsen. Det er ei utfordring å skapa marknad for omsetning av landbrukseigedommar slik at det på nytt kan verta heilårs liv i husa på garden. Interesse for kjøp av eigedommar er aukande etter som stadig fleire ser verdien av ein kvardag prega av mindre reisetidspress og stress.

Store deler av Hardanger er svært godt egna for dyrking frukt, bær og grønsaker både på friland og i veksthus. Blomar i veksthus er også ei betydeleg næring i regionen. Planteforsk i Ullensvang og Hjeltnes Gartarskule er krumtappane i dette segmentet og for utvikling av frukt- og bærnæringa i Hardanger. Styrking av desse institusjonane er heilt avgjerande for moderne Hardangerlandbruk. Hagebruket i Hardanger utviklar foredlingsverksemder som vil gjere næringa framtidsretta og styrka.

Vestlandsskogen har vore viktig inntektskjelde for det tradisjonelle Hardangerlandbruket. Dessverre har avverkning/hogsten vore låg det siste tiåret. Det betyr at her aukar verdiane og potensialet. I samband med kulturlandskapspleie vil tilrettelagde skogsvegar, som også kan vere fine turvegar, opna for monaleg uttak av skog og trevirke i Hardanger. Føresetnader for dyrking av joletre og pyntegrønt viser seg å vera dei beste i liene våre.

Ei undersøking gjort av Reisemål Hardanger Fjord viste at av alle gode opplevingar turistane hadde i Hardanger var matopplevinga den dårlegaste. Både serveringsstadene og landbruket tek tak i dette og vil utvikla ein Hardangermeny basert på lokale råvarer og/eller tradisjonell tilverking. Både gamle og nye rettar med "Smaken av fruktbare Hardanger" vil vera på serveringsfat sommaren 2005. Dette opnar for større lokalt sal og fordeling av Hardangerprodusert mat. Gardsmatkonsept, gardsrestaurantar og gardsbutikkar har større etterspurnad enn produksjon og tilbod rekk. Her er det rom for mange fleire og prisfølsemda på ekte varer er liten. Hardanger har produksjon i dag til å forsyna lokal etterspurnad med lam, storfe, gris, kylling, egg, mjølk, eple, pærer, plommer, moreller, så alt ligg til rette for lokal vidareforedling til direktesal, servering og catering. Dette ser Hardanger no som eit potensiale for både god forretning og som viktig matkulturbærar.

Landbruksplan for Hardanger er eit nyttig og viktig dokument som viser ressurs-status, rammevilkåra og tiltaksplanar for landbruket i Hardanger for tidsrommet 2005-2008.

Leiv Vambheim

Dagleg leiar i Hardangerrådet

I	INNLEIING	5
	1.1 Bakgrunn for arbeidet.....	5
	1.2 Organisering	5
	1.3 Mandat.....	6
	2.1 Nasjonale mål.....	7
	2.2 Regional politikk.....	7
	2.3 Viktige lokale/kommunale mål	8
IV	RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV LOVSAKER/FORVALTNING ETTER FORSKRIFTER.....	10
	4.1 Omdisponering og frådelling	10
	4.2 Bu- og driveplikt.....	12
	4.3 Vanhevd og driveplikt.....	13
	4.4 Kulturlandskap.....	13
	4.5 Skogsdrift	15
	4.6 Tilskotsordningar.....	15
V	HANDLINGSPROGRAM/TILTAKSDEL.....	21
	5.1 Hovudmålsetjing i planen.....	21
	5.2 Strategiar.....	21
VEDLEGG		
	Regional tiltaksplan	22
	Tiltaksplan Jondal kommune	23
	Tiltaksplan Odda kommune	25
	Tiltaksplan Ullensvang herad	30
	Tiltaksplan Eidfjord kommune	35
	Tiltaksplan Ulvik herad.....	39
	Tiltaksplan Granvin herad	45
STATUS OG UTVIKLING FOR LANDBRUKET I REGIONEN		
	1 Kompetanse	48
	2 Produksjonstilskot	49
	3 Økologisk produksjon	50
	4 Husdyr.....	51
	5 Grovfôrareal	52
	6 Frukt, bær og veksthus.....	52
	7 Areal	53
	8 Skog	53
	9 Tilleggsnæringar og reiseliv. Nye næringar i landbruket.	54
HOVUDPLAN VEG FOR HARDANGER		
1.	INNLEIING	57
	1.1 Bakgrunn	57
	1.2 Føremålet med planen.....	57
	1.3 Planstatus.....	57
2.	STATUS.....	58
	2.1 Skogressursane	58
	2.2 Omsetning.....	58
	2.3 Flaskehalsar.....	59
3.	SAKSHANDSAMING.....	61
	3.1 Saksgang ved søknad om bygging av landbruksveg.....	61

4. TILTAK.....	66
4.1 Orientering om oppsettet	66
4.2 Tiltak i Jondal kommune	67
4.3 Tiltak i Odda kommune	68
4.4 Tiltak i Ullensvang herad	69
Prioritert for fireårig tiltaksplan.....	69
Andre vegprosjekt.....	69
4.5 Tiltak i Eidfjord kommune	71
4.6 Tiltak i Ulvik herad.....	72
Prioritert for fireårig tiltaksplan.....	72
Andre vegprosjekt i planen.....	72
4.7 Tiltak i Granvin herad	74
Prioritert for fireårig tiltaksplan.....	74
Andre vegprosjekt i planen.....	74

I INNLEIING

1.1 Bakgrunn for arbeidet

I juni 2002 handsama Stortinget stortingsmeldinga om oppgåvefordeling - *St. meld. nr. 19 (2001-2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå*. Her vedtok Stortinget å overføre ansvaret for ein del av oppgåvene innfor landbruksforvaltninga frå statlege etatar til kommunane. Ein ønskte med dette å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gi kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og på same tid arbeide for betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Med denne omlegginga kom òg krav om og trong til planar om bruken av dei økonomiske verkemidla, og retningslinjer for sakshandsaming og forvaltning etter konsesjonslov, jordlov, skogbrukslov og odelslov.

Sommaren 2003 var det klart at kommunane Jondal, Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Granvin skulle med i eit interkommunalt samarbeid om å lage ein regional landbruksplan for Hardanger. Det vart søkt om prosjektmidlar frå Fylkesmannen si landbruksavdeling. Søknaden vart innvilga med 200 000 kr. Kvam fekk tilbod om å vera med i samarbeidet, men takka etter kvart nei. Odda kom med i arbeidet ved kommunestyrevedtak av 17.12.2003.

Landbruksplanen har status som sektorplan, og skal gi innspel til kommuneplanane og støtta opp om regionale planer og føringar frå sentrale styresmakter. *Regional landbruksplan for Hardanger* skal synleggjera mål og strategiar for å kunna møta dei utfordringane som næringa og forvaltninga står ovanfor.

1.2 Organisering

Arbeidet har vore organisert via PLP-metoden (Jf SND) med følgjande funksjonar/deltakarar:

Funksjon	Deltakar
Oppdragsgjevar	Kommunestyra i Hardangerkommunane
Prosjektansvarleg	Nærings- og utviklingssjefen i Ullensvang, Kjell Gustad
Prosjektleder	Bakkekontakten v/ Ane Haugen
Referansegruppe	<ul style="list-style-type: none">- Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavd. v/Berit Rystad- Hordaland Bondelag v/ Marta B. Meland- Hordaland Bonde- og Småbrukarlag v/Torunn Hovland Ljone- Skogeigarlaget Vest v/Jan Ivar Rødland- Daglig leiar i Hardangerrådet, Leiv Vambheim- 2 representantar frå arbeidsgruppa, Rune Østraat og Torunn Reinsnos- Prosjektleder er sekretær
Sentral styringsgruppe	Ordførarane frå kvar kommune. Prosjektleder har sekretærfunksjon
Arbeidsgruppe	Lokal landbruksadministrasjon, prosjektleder

I tillegg har alle kommunane etablert politiske grupper/komitear for å sikra lokal forankring. Medlemene i arbeidsgruppa har hatt ansvar for å orientera sine respektive kommunar og eventuell kommunal arbeidsgruppe/komit . Dei lokale komiteane har best tt av:

Jondal:

Jf. Vedtak i hovudutval for teknisk og n ring av 5. februar 2004
Sigr  Brattab  Handegard
Ole Gisle Vassel
Ivar Kv le

Eidfjord:

Jf. kommunestyrevedtak av
Samson Instanes (leiar)
Hans Hellevang
Anne Myklatun

Odda:

Jf. kommunestyrevedtak av 11.2. 2004
Oddmund Digranes
Torunn Sandvin
Anne Marie Gamlem Rabba
Jan Ove Vintertun

Ulvik:

Jf. heradstyrevedtak av 16.10.2003
Nils Rune Vambheim
Lars Helge Ljone
Kyrre Manger
Alf-Gunnar Sortland
Ove Erdal

Ullensvang:

Jf. heradstyrevedtak av 1.12.2003
Knut Dj nne (leiar)
Erling Aga
Bj rn Lothe

Granvin:

Jf. heradstyrevedtak av 23.4.2003
Nils L. Haugen
Jan Ivar R dland
Ragnhild Laengen
Ingebj rg Winjum
Knut Endre Folkedal

1.3 Mandat

Prosjektplanen av 14.07.2003 punkt 8 ga ei klar oppstilling av kva det endelege plandokumentet skulle innehalde. I l pet av planprosessen er det komme inn ein del opplysningar som har f rt til at styringsgruppa har endra mandatet.

I brev av 04.03.2004 fr  Fylkesmannens landbruksavdeling gikk det fram at det ikkje skulle leggjast s rleg vekt p  arealdifferensiering (kartlegging av A- og B-omr de) i denne planen, men at ein skulle legge fokus p  den n ringsmessige delen og p  strategi for bruken av dei  konomiske verkemidla. Med bakgrunn i dette samt at arealet allereie er differensiert i arealdelen av kommuneplanane (sone 1, 2 og 3), endra styringsgruppa 05.05.2004 mandatet til ikkje   omfatte kartlegging av A- og B-omr de. Denne kartlegginga er derfor ikkje gjennomf rt.

N r det gjeld opparbeiding av kart for kvar kommune i samband med hovudplan veg (jf prosjektplanen punkt 2, 7.1, og 8) oppsto problem av di produksjonen av markslagskart enno ikkje er slutf rt i kommunane. Styringsgruppa gjekk derfor inn for at kartdelen vart utsett eit  r. Styringsgruppa  nskte  g at hovudplan veg vart skilt ut som eit eige dokument (Jf vedtak i Styringsgruppa av 17.06 2004.)

Styringsgruppa har i tillegg ytra  nske om at kompetansen p  landbrukskontora i dei seks kommunane vart kartlagt. Dette er lagt fram som ei kompetansematrise i kapittel 3 om status og utvikling for landbruket i regionen.

II FØRINGAR FOR ARBEIDET

2.1 Nasjonale mål

I *St.prp. nr. 1 (2003-2004)* kan vi lesa at ”strategiske mål for mat- og landbruksforvaltninga er:

- Sikre ei moderne, open og effektiv mat- og landbruksforvaltning som legg vekt på forenkling i høve til næringsverksemd, auka demokratisering og desentralisering av ansvar og myndigheit, og som sikrar forbrukarane informasjon og innverknad i politikktutforminga.
- Utvikle verkemiddel som forenkler tilhøva for næringsverksemd, stimulerar til levande bygder og busetjing og sikrar rettstryggleiken til den einskilde.
- Vidareutvikle mat- og landbruksforskinga som ein produsent og leverandør av kunnskap med vekt på helse- og livskvalitet, forbrukarkrav, miljø, nyskaping, og kommersialisering.”

Mat- og landbruksforvaltninga skal leggje til rette for at næringsutøvarane har ei sjølvstendig rolle i produksjon av eit stort mangfald av trygge matvarer, fellesgode, tenester og andre produkt basert på landbruket og bygdene sine samla ressursar.”

I den same proposisjonen går det og fram at ”grunnlaget og kunnskapen for å utvikle ny næringsaktivitet og attraktive bustader i bygdene parallelt med strukturendringar i landbruket ligg i ein aktiv utnytting av dei lokale høva. Dette krev ein lokal forståing og tilpassing av dei nasjonale verkemidla, og auka desentralisering av myndigheit og ansvar for gjennomføringa av mat- og landbrukspolitikken. Forvaltninga må derfor stimulere til lokal forankring og aksept for viktige politiske mål i samspel med eit forsterka lokaldemokrati på landbruksområdet”.

Det vert elles vist til:

- St.meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren (skogmeldingen)
- St.meld. nr. 19 (1999-2000) - Om norsk landbruk og matproduksjon
- Landbruksdepartementets budsjett for 2004: Tryggere mat - mer nyskaping

2.2 Regional politikk

Den regionale politikken er delt i følgjande tema:

- Miljø
- Verdiskaping
- SMIL- og SKOG- midlar
- Areal

Styringsdokument:

Miljø:

- Regionalt miljøprogram, Fylkesmannen i Hordaland mai 2004

Verdiskaping:

- Landbruksplan for Hordaland 2004-2007

- BU-strategi fra IN - "POLICY FOR BRUK AV BU-MIDLANE I HORDALAND I 2004". Prosess starta her på ein ny strategi for BU-midla som skal gjelde frå 1.1.2005.

SMIL- og SKOG-midler

- Tildeling av fagmidlar over Landbruksdepartementet sitt budsjett til kommunane i Hordaland (SMIL, NMSK), tildelingsbrev datert 9.3.2004:

Areal:

- Ny strategi er under utarbeiding. *Langsiktig forvaltning av landbruksareala i Hordaland* gjeld grovt sett ikkje med omsyn til enkeltsaker (Gyldig i samband med plansaker).

2.3 Viktige lokale/kommunale mål

Alle kommunane i planområdet har kommuneplanar med tilhøyrande delplanar/temaplanar som i større eller mindre grad legg føringar for landbruket.

Landbruksplanen som no ligg føre, skal vera eit verktøy for å sikre drift og vidare utvikling av moderne landbruksverksemd innan hagebruk-, skog- og husdyrproduksjon, samt kulturlandskap, tilleggsnæring og reiseliv.

III ORGANISERING AV EIT VIDARE SAMARBEID OM VERKEMIDDEL

Arbeidet som gjeld bruken av økonomiske verkemiddel vert samkjørt når det gjeld mellom anna fristar, prosentsatsar og krav til søkjarane.

Den kommunale sakshandsaminga vert kvalitetssikra ved at saker vert lagt fram for ei interkommunal gruppe. Sakshandsamarane i kommunane utgjer denne gruppa som har møte 4 -5 gonger i året. Dei skal kvar haust gjera ei oppsummering av dei sakane som er handsama, og rapportera avvik , erfaringar og forslag om revisjon av Regional handlingsplan til Styringsgruppa. Styringsgruppa legg vidare dette fram for dei einssilde kommunestyra som endringsforslag. Styringsgruppa vil bestå av ordførarane i Ullensvang, Odda, Jondal, Granvin, Eidfjord og Ulvik

Ein tek òg sikte på samarbeid vedrørande rullering av landbruksplan og delplanane (tiltaksplanar og hovudplan veg).

IV RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV LOVSAKER/FORVALTNING ETTER FORSKRIFTER

For alle kommunane i planområdet er busettingsomsynet grunnleggande for all sakshandsaming.

4.1 Omdisponering og frådeling

Jordlova set forbod mot omdisponering av dyrka jord mv., jf. jordlova § 9, og forbod mot deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk, jf. jordlova § 12. Dette er gjort for å ivareta viktige nasjonale omsyn som jordvern og omsynet til tenleg bruksstruktur.

For kommunane er likevel oppgåvene noko endra då avgjerdsmynda frå 1.1.2004 ligg hjå kommunane sjølve. Som eit verkty til kommunane og andre som har trong for informasjon om reglane ved omdisponering og frådeling, har Landbruksdepartementet gitt ut rundskriv *M-4-2003*. Rundskrivet fortel detaljert om sakshandsaming og om korleis reglane i §§ 9 og 12 skal oppfattast. Det er omfattande skjøn og rettsleg praksis knytt til omdisponerings- og delingsbestemminga i jordlova. Ein del av dette er ikkje teke med i det nye rundskrivet. Det inneber ikkje at det har mista aktualitet.

Landbruksdepartementet ønskjer å styrke lokalpolitikken, mellom anna for å sikre busettinga i distrikta og verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn over heile landet, samtidig som andre viktige nasjonale omsyn vert ivareteke. Avgjerder i omdisponerings- og delingssaker kan vera viktige for å nå dette målet.

I rundskrivet frå Landbruksdepartementet står følgjande:

"Selv om politikken og retningslinjene knyttet til jordvern er klare, er utviklingen når det gjelder nedbygging urovekkende. Det er nødvendig å legge større vekt på sammenhengene mellom et sterkt jordvern, kulturlandskap og miljø for å sikre verdifulle landbruksarealer i et langsiktig perspektiv".

Kommunen kan gje løyve til omdisponering av areal når det ligg føre særlege høve.

Vilkåra for å gje løyve til deling er anten at samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller at deling er forsvarlig ut frå den avkastning eigedomen kan gje.

Rasjonell utforming av landbrukseigedom, plassering og utforming av bustad- og fritidstomter og forhold knytt til kulturlandskapet er eksempel kor kommunen har eit vidt handlingsrom og kor lokal forankring er viktig. Søknader om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord står i ei noko anna stilling. På dette området må kommunane sjølve ta forsvarlege omsyn til nasjonale føringar for handteringa av jordvernet, og ta omsyn til nasjonens samla behov for å kunne produsere mat sjølv, både no og i framtida. Kommunane må òg ta omsyn til nasjonale føringar for bruksstrukturen.

For Hardangerregionen har det vore noko variert praksis når det gjeld saker etter jordlova §§ 9 og 12. Dette kjem mellom anna av

- topografiske variasjonar og med det noko ulike utfordringar

- variasjon etter politisk fleirtal
- ulik praksis utvikla over tid
- kor viktig landbruk er i kommunen

Eit sentralt tema i kommunane i planområdet er: Våningshus på landbrukseigedomane og hus nr 2. Korleis vert desse sakane handsama?

Det er lite produktivt areal i Noreg, og verdiskaping i landbruket er i hovudsak basert på fornybare ressursar. Av den grunn vert det lagt opp til ein streng praksis når det gjeld omdisponering. Bygging på innmark har vorte praktisert i ein del kommunar dei seinare åra. Dette har medverka til dårleg arrondering av dyrka mark og auka attgroing. I Hardanger er det gode tradisjonar for rekkjetun og klyngjetun. I saker som gjeld omdisponering til bustadhus bør ein vurdere å gå attende til den måten å byggje på.

Frå sentralt hald er det opna for ei viss liberalisering av frådeling av våningshus i og med at det vert vurdert at det ut i frå drifta ikkje lenger er så stor trong for to bustadhus på mindre landbrukseigedomar. Ut i frå

- rekruttering, generasjonsskifte og ønske om levande bygder,
- moglegheit for tilleggsnæring,
- driftsform,
- produksjonsomfang,
- reduksjon i landbruksvikarordninga,
- tilhørighet gjennom generasjonar,
- den økonomiske situasjonen på kvart bruk,

må ein likevel sjå det som ein klar fordel at det er to bustadhus på bruka. Ved å gje løyve til frådeling av kårhus (hus nr 2) må det sjølvst og gi ei meir restriktiv praktisering av løyve til å bygge hus nr 2 på liknande eigedomar.

Sjølv om kvar sak vert vurdert særskilt, har ein kome fram til at følgjande kriteria skal leggas til grunn for omdisponering:

- samfunnsnyttige føremål,
- trong til bustad (hus nr 1) på bruket,
- arrondering og driftsmessig gode løysingar,
- høve til å tilbakeføre det omdisponerte arealet til jordbruksdrift,
- planstatus for området.
- det generelle ressursgrunnlaget på bruket,
- kulturlandskapsomsyn.

I dei seinare åra har det vore ein auke i talet søknadar om omdisponering til juletreproduksjon. I slike saker kjem ein opp i tidsavgrensa omdisponering. Det kan her vera føremålstenleg å avgrense løyvingstida til 15 år. Ein bør i størst mogleg grad unngå planting på innmark då det kan vere problematisk å kontrollera at arealet går attende til dyrka mark etter løyvetida. Beite som ikkje er nytta lengre vert sett på som eit betre alternativ enn fulldyrka og overflatedyrka mark.

Omdisponering til andre føremål er av meir varierende karakter, og det vert vanskeleg å finna felles trekk. Ein må likevel prøve å redusere ulik praksis i

kommunane. Ein måte å gjere dette på er at sakshandsamarane har temabaserte samrådingmøtar.

4.2 Bu- og driveplikt

Bu- og driveplikt er knytt opp mot konsesjonslova som eit vilkår for konsesjonsfritt erverv av jord- eller skogbrukseigedom over 100, daa eller der meir enn 20 daa er fulldyrka. Det er og knytt bu- og driveplikt til erverv av odelseigedom. Når det gjeld dei rettslege rammene og sakshandsaminga, vert det vist til rundskriv M-2/2004 frå Landbruksdepartementet.

I *Landbruksplan for Hordaland 2004-2007* står følgjande i kapittel 2.3:

”Bu- og driveplikt er eit verktøy for å halde landbruksareala i hevd og for at busetnaden skal kunne oppretthaldast. I dei siste åra har busetjingsomsynet vorte styrka. Kommunane har mynde til å avgjere søknader om fritak frå bu- og driveplikt, og det er viktig at kommunane utarbeidar eigne strategiar på området.”

Det er registrert ei stor interesse for ledige gardsbruk, og undersøkingar gjort m.a. av Fylkesmannen i Hordaland, syner at sær mange unge kunne tenkje seg å flytta til og driva bruk i regionen. I tillegg ønskjer kommunane ”ljøs i alle hus”, og dette i sum gjer at forvaltninga må ha ei tett oppfølging av bu- og driveplikt-sakene.

For å lette sakshandsaming og saksgang, er det føremålstenleg å definera område der buplikta *ikkje* gjeld:

- Bruk som er veglause
- Bruk med spesiell rasfare. Krav om geologiske undersøkingar.
- Spesielt definerte område.
- Småbruk som har vore nytta som fritidseigedomar i lang tid. For kommunar med 0-konsesjon gjeld andre reglar.

I saker der det vert gjeve fritak frå bu- og/eller driveplikt kan kommunane setje følgjande krav:

- Jorda SKAL leigast ut om det er etterspurnad om det ved fritak.
- Skogen skal drivast og jorda skal haldast slik at det ikkje vert til ulempe for andre med landbruksdrift (Vanhevd)

Når det gjeld kontroll av oppfyljing av buplikt, kan vi i dei fleste tilfella støtte oss til Folkeregisteret. I unntakstilfella der eigar må overnatta i 50% av nettene, er saka noko annleis. I desse sakene må kommunane krevje ei oversikt frå eigaren som syner når han/ho er til stades på bruket, og ut frå denne oversikta gjennomføre kontroll.

Om eigaren gjev opp at han/ho ikkje skal bu der, vert det i utgangspunktet ikkje gjeve fritak frå buplikta. Det skal då stillast krav om å overdra til andre som kan oppfylle buplikta.

Bu- og driveplikt er av dei viktigaste verkemidlane vedkomande busetnad og utvikling i bygdene. Det er derfor viktig å fylgje opp desse sakane.

4.3 Vanhevd og driveplikt

Formålet med vanhevdsparagrafen (Jordlova § 8) er å hindre at dyrka jord sluttar å være kulturjord på grunn av mangelfullt stell. Vanhevd av areal fører sjeldan til at arealet ikkje kan få tilbake produksjonsevna. Regelen er såleis av ein annan karakter enn forbodet mot omdisponering og deling, men er gjerne knytt opp mot driveplikt. Driveplikta og jordlova si bestemming om vanhevd står i eit visst slektskap då dei begge er viktige for jordvernet samt at det er tilfelle der vanhevd vert resultatet der driveplikta ikkje vert halde.

Jordvern er ein viktig nasjonal strategi. I tillegg kjem *Regionalt miljøprogram for Hordaland* der attgroing er eit sentralt tema. Dette gir klare retningslinjer for bruken av både dei juridiske og dei økonomiske verkemidla.

Til no har ikkje dette vore sett i fokus i Hardangerregionen. For åra framover vert dette ei større og større utfordring ettersom vi har ei auka nedlegging av bruk og ei viss endring i driftsformene.

Kommunane skal registrere og kartfeste dyrka jord som er vanhevda eller ligg unnytta. Vidare vil kommunane:

1. informere eigaren om at ein er klar over at tilhøva ikkje er heilt i orden og be om at tilhøva vert ordna innan ein gjeve tidsfrist.
2. om ikkje noko skjer, vil kommunane gjere eigaren merksam på dette. Kommunen vil òg leggja fram pålegg om tiltak som skal/ kan iverksettast for å få til lønsam drift .. Ein gjev ein ny tidsfrist.
3. om tiltak ikkje vert sett i verk og tilbakemelding vert forsømt, kan ein no krevja at jorda vert leigd vekk i inntil 10 år. Det kan òg krevjast inn tvangsgebyr.

Det er ei sterk kopling mellom vanhevdssaker og problematikken kring attgroing av kulturlandskapet. Det ligg ei klar utfordring i at få vil leige/drive tunghausta jord med dårleg arrondering og bratt areal. Løysinga vert kanskje å velje ut område som det skal takast vare på og sette inn ekstra tiltak der.

I Hardanger er vanhevd av frukthagar eit tema som bør ha spesiell fokus. Frukthagar som ikkje vert stelt kan vera ei kjelde for plantesjukdomar og planteskadegjerarar.

4.4 Kulturlandskap

Kulturlandskapet er skapt av menneska og husdyra sin bruk. Ein historikar kan sjå på kulturlandskapet som noko som gjev oss tilknytning og identitet, innsikt og forståing for historia vår. Kunstnaren ser på det opne landskapet, skigardar og dei pene, fargerike blomsterengene. Arkeologen ser andre verdiar enn bonden, og biologar rettar gjerne merksemda mot korleis skjøtsel av enger gjev eit rikt og variert biologisk mangfald.

Mange plante- og dyreartar er for sin eksistens knytt til eit tradisjonelt skjøtta jordbrukslandskap. Sett frå eit historisk perspektiv har bonden sitt arbeid resultert i eit mangfaldig mosaikklandskap. Dei fleste grasmarker var opphavleg skogsmark. Då skogen vart brent for å gi plass til jordbruk, vart det skapt livsmiljø for artar som

tidlegare hadde hatt ei avgrensa utbreiing i ljose opningar i det naturlige skogslandskapet. Det finnes mange og varierte biotopar, til dømes beitemark, slåtteenger, dammar, steinrøyser, gamle styvingstre, grøfftekantar og åkerholmar. Alle dei forskjellige biotopane er viktige av di dei gir livsrom for alt frå frosk og salamander i dammane til beitemarkssopp, kattugler i gamle fjøs og plantar som solblom på engene.

Kulturlandskapet i Hardangerkommunane er av spesiell karakter mellom anna på grunn av fruktdyrkinga. Jordbruket sitt kulturlandskap omfattar og slåttenger – ljàen sitt landskap – og beitemark – *mulen sitt landskap*. Vegetasjonen er altså påverka av folk og av husdyra, enten til sommarfôr (beitemark) eller til vinterfôr (slåtteng). Dette kulturlandskapet og ein storslått natur gjer Hardanger til "verdas beste reisemål" og er med på å bygge opp trivsel og identitet.

Både beite og slått påverkar plantelivet sterkt, men på ulik måte. Fellestrekk er opne, gras- og urtedominerte vegetasjonstypar. Tett treaktig vegetasjon er sjeldan, og sjølv i hagemarker er tresettinga så open at ljuskrevjande artar finn seg til rette. Oftast vart trea òg nytta, gjerne styva, noko som avgrensar krune-tilvekst. Dei aller fleste av dei karakteristiske plantane knytt til beitemark og slåtteng høyrer til i den naturlege floraen i Noreg (i motsetning til åker og gardstun). Dei har berre fått større utbreiing.

No opplever vi ein prosess som ikkje er tenleg for bonden og for samfunnet elles. Landbruksareal gror att, element i kulturlandskapet forsvinn, og med det vert tal artar redusert, kunnskap om skjøtsel og vedlikehald døyr ut, tilknytning og identitet smuldrar opp og innsikt og forståing for historia vert svekka.

Økonomisk utkome for bonden er i stor grad knytt til produksjon av omsetlege varer. Det har vore lite 'løna' å sikre det opne kulturlandskapet og andre verdiar i landbruket sitt kulturlandskap utover tilskot knytt til produksjon. Dei seinare åra har det vorte meir og meir fokusert på at gardbrukaren som "kulturlandskapsarbeidar", står for ein stor produksjon av fellesgode. Næringsdrivande innan reiseliv spesielt og ålmenta generelt er mottakar av denne tenesta både visuelt, mentalt og ved fysisk bruk av landskapet/areala. Ettersom det er 'opplest og vedteke' at òg andre enn gardbrukaren sjølv har interesse av at det dyr-/menneskeskapte landskapet vert halde i hevd og utvikla vidare, vil resten av samfunnet vera medansvarleg for at tenesteytinga bonden gjer, vert lønna.

Hardangerkommunane har eit felles ansvar og felles utfordringar framover. Dette stiller krav til at kommunane set fokus på og gjev prioritet til:

- Kartfesting av kjerneområde landbruk og langsiktige grenser.
- Problemstillingar kring spreidd utbygging / fortetting i byggjesona (lokalisering/omfang).
- Hindre/motverke ukritisk/uplanlagt nedbygging av viktige jordbruksareal.
- Redusere/avgrense omdisponering av verdifulle areal.
- Unngå frådelling i samband med tilleggsnæring.
- Kontinuerlig kompetanseheving (sakshandsamarar og politikarar).
- Tiltak mot attgroing.

På grunn av avgrensa tilgang på tilskotsmidlar må det for Hardangerkommunane sin del verta gjort ei prioritering av tema / område / objekt / areal.

Skjøtsel av kulturlandskap er ein dynamisk, biologisk prosess og det gjer seg ikkje sjølv. Arbeidet krev kunnskap om prosessane, biologien og arbeidet. Eit viktig spørsmål framover vil vera: Korleis skal landbruket levere eit landskap som alle vil ha i tillegg til å vera matprodusent?

4.5 Skogsdrift

Sjå Hovudplan veg

4.6 Tilskotsordningar

4.6.1 Kommunale støtteordningar for landbruket.

I kommunane eksisterer ulike tilskotsordningar for landbruket. Desse er noko varierende i omfang og karakter og ikkje alle ordningane er "aktive" kvart år. Ta kontakt med det lokale landbrukskontoret for informasjon.

4.6.2 Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Kommunale vilkår for ordninga:

§ 1. Formål:

Tilskotet skal bidra til å fremje miljøverdiane og redusere forureininga i kulturlandskapet i tråd med gjeldande lovverk og målsettinga i *Regional landbruksplan for Hardanger*.

§ 2. Heimel, kapital, avkastning

For ordninga gjeld *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket* fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004 med heimel i lov av 12. mai 1995 nr. 23 (jordlova) § 3 og § 18.

Ordninga vert finansiert av årlege overføringar frå Fylkesmannen.

Overføringane samt inndregne midlar skal takast til inntekt for ordninga, og må disponerast i samsvar med forskrift og gjeldande regelverk.

§ 3. Virkeområde:

SMIL- midlane kan nyttast i heile kommunen. SMIL-midlane kan og nyttast til samarbeidstiltak over kommunegrensene.

Tiltak knytt til føretak som fyller krava i *Generell forskrift om produksjonstilskot i jordbruket*, vert prioritert.

Vilkår, tiltaksgrupper og tilskotsnivå.

§ 4. Generelle vilkår:

Det kan verta gitt tilskot til føretak som søker om produksjonstilskot, til tiltak på eigedom innan LNF-område på kommuneplan, samt til tiltak i verna område (jf Lov 19. juni 1970 nr 63 om naturvern og 9. juni 1978 nr 50 om kulturminner) så sant det offentlege ikkje har eigarinteresser.

Det er eit krav at søkjaren overheld lover og forskrifter. Tiltak som er i strid med planer eller planvedtak etter plan- og bygningslova, kan ikkje få tilskot.

Frist for gjennomføring av tiltaket er 2 år. Ved sakleg grunngeve søknad, kan fristen verta forlenga med inntil 3 år.

§ 5. Prioriterte tema

A Tilskot kan gjevast til planleggings og tilrettelegging som fører til konkrete tiltak innan:

1. kulturlandskapstiltak
 - fremje biologisk mangfald
 - tilgjenge / opplevingskvalitet
 - kulturminne / kulturmiljø
 - freda / verneverdige bygningar
2. forureiningstiltak

B Tilskot til kuturlandskaps- og forureiningstiltak

§ 6 Tilskotsatsar

TEMA	TILTAK (døme)	MAKSIMAL TILSKOTSATS INNTIL	MÅL/ KOMMENTAR
Naust- og sjømiljø		50 %	
Stølsbygg og stølsmiljø		50 %	
Verneverdige bygg		50 %	Bruk av gamle bygningar som kan skape inntekt eller utnyttast i næring. Bygg som har nytte for bruket bør prioriterast
Tilgjenge/ oppleving	stirydding	70 %	
	Skilting	70 %	
Områdetiltak / planlegging og tilrettelegging		100 %	
Kulturminne	Eks. gamle vegfar, helleristningar, gravhaugar, jakt- og fangstinnretningar, hustuffer, steinmurar og kolmiler	60 %	
Biologisk mangfald, gammal kulturmark og gamle driftsformer	beiterydding / kulturmark	70 %, 1900 kr/daa	Mange bruk bør få nytte av ordninga. Beitedyr er viktig. Samarbeid er viktig.
	gjerding	50 %, 60 kr / løpemeter	
	styving	50 %, 600 kr/tre	

TEMA	TILTAK (døme)	MAKSIMAL TILSKOTSATS INNTIL	MÅL/ KOMMENTAR
Miljøtiltak/ Forureining	Erosjonsutsette produksjonsareal. Miljøplanting. Fangdammar. Økologiske rens tiltak. Hydrotekniske anlegg.	20 %	
	Bygningsmessige miljøtiltak	20 %	

Timesatsar: 150 kr time / person
250 kr time / person med traktor eller liknande.

§ 7. Søknadsfrist og krav til søknad.

Søknadsfrist: 15. mai

Det skal nyttast særskilt søknadsskjema for den einskilde tilskotsordning. Søknaden sendast til kommunen. Søknaden skal vera fremja før tiltaket vert sett i verk.

Utgifter til planlegging kan inngå i tilskotsgrunnlaget.

Kvar søknad skal innehalde:

- fotodokumentasjon
- utgreiing om arbeidet
- kart
- miljøplan der slik ligg føre
- spesifisert kostnadsoverslag (frå bygningskunnig når tiltaket gjeld freda og verneverdige bygningar)
- Ved fellestiltak skal det liggja ved skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader, ansvar og eventuelle vilkår.

§ 8. Vilkår.

Kommunen kan når det vert gjeve tilskot, setje vilkår som er i samsvar med den einskilde tilskotsordning sitt formål og målsettinga i landbruksplan for Hardanger. Ved tilskot til areal vert det sett krav om at arealet vert halde i hevd i minimum 5 år.

§ 9. Utbetaling.

Utbetaling av tilskot vert gjort i samsvar med gjeldande forskrift.

§ 10. Tilbakebetaling.

Tilskot kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, om tiltaka ikkje er gjennomført i tråd med vilkåra.

§ 11 Sakshandsaming

Kommunestyret har avgjerdsmynde.

Regional landbruksplan for Hardanger gir målsetjingar og strategiar for bruk av midlane.

Fylkesmannen er klageinstans

§ 12 Rapportering

Det skal kvart år leggst fram rapport for Fylkesmannen og Kommunestyret om korleis midlane er nytta.

§ 13 Kontroll.

Kommunen, Fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med formålet.

4.6.3 Kommunale vilkår for ordninga: Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

Alminnelege retningslinjer.

§ 1. Formål:

Tilskotet skal medverke til å fremme utnytting og verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiane vert ivareteke og vidareutvikla.

§ 2. Virkeområde:

Midlane kan nyttast i heile kommunen.

Vilkår, tiltaksgrupper og tilskotsnivå.

§ 3. Generelle vilkår:

Det kan verta gitt tilskot til alle skogeigarar som har meir enn 10 dekar produktiv skog.

Det er eit krav at søkjaren overheld lover og forskrifter.

Tiltak som er i strid med planar eller planvedtak etter plan- og bygningslova, kan ikkje få innvilga tilskot.

Lag for fellestiltak i landbruket kan søkja om tilskot for gjennomføring av tiltak (jf. § 8)

Ein kan etter denne ordninga søkja om tilskotsmidlar til eingongstiltak.

Frist for gjennomføring av tiltaket er 2 år. Ved sakleg grunngeve søknad, kan heradet forlenga fristen med inntil 3 år.

Søknad om tilskot som omfattast av §§ 4 til 6 skal skrivast på skjema utarbeidd av Landbruksdepartementet.

§ 4. Skogkultur

Tilskot kan gjevast til formål som fører til:

1. Oppbygging av kvalitetsskog.
2. Ivaretaking av kulturmiljø.
3. Skjøtsel av kantsoner mot vatn, vassdrag og dyrka mark.
4. Aksjonsretta prosjekt for å auka skogkulturinnsatsen.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 80 % av godkjent kostnadsoverslag.

§ 5. Tilskot til vegbygging

Det kan verta gitt tilskot til nye vegar, eller ombygging av eksisterande, når dette fører til heilskapsløysingar som gir grunnlag for betre utnytting av skogs- og utmarksressursane.

Ein kan ikkje gje tilskot til bygging av vegar som fører til reduksjon av "villmarksprega område", dvs. område som ligg meir enn 5 km frå eksisterande tekniske inngrep.

Det er berre vegar som er godkjente etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar* eller etter *Plan og bygningslovens bestemmelser*, og som vert bygd i samsvar med gjeldande *Normaler for landbruksvegar med byggebeskrivelse* (M-0677 B), som kan få tilskot.

Vegprosjekta vert prioriterte etter kriterium som: areal og m³ som vert utløyst, treslag, samarbeidsprosjekt, heilskapsløysingar og miljøomsyn. Tilskot til traktorvegar skal jamstillast med bilvegar.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag. Tiltaket skal teken med i tiltaksdelen i *Hovudplan veg for Hardanger*.

§ 6. Miljøtiltak i skog

Det kan verta gitt tilskot til dekking av kostnadane ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å utvikla miljøkvalitetar, og til dekning av økonomiske tap der miljøkvalitetar krev særleg økonomisk tyngjande passingar ved skogsdrift.

Det kan òg verta gitt tilskot til dekking av tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle biotopar, der ein krev at skogeigar ikkje avverkar.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag. Normalt skal tilskot til ein enkelt skogeigar ikkje overstige kr 75.000.

§ 7. Tilskot til drift med taubane, hest o a.

Taubanedrifter i område der det ikkje er teneleg å byggja veg eller ein ikkje får tilskot sidan bygging vil føra til reduksjon av "villmarksprega område", kan få tilskot.

Banelengder på over 75 meter kan vert gitt tilskot med inntil 40 kr pr m³ for gran og 50 kr pr m³ for furu og lauv. Lågaste nivå for å oppnå tilskot er minst 100 m³ tømmer. Kommunal landbruksetat må førehandsgodkjenne feltet før hogst.

Tilskot til drift med hest kan få tilskot med inntil 150 kr pr m³, med eit tillegg på 50 kr pr 100 meter.

§ 8. Tilskot til andre tiltak i skogbruket

Det kan verta gitt tilskot til enkelt- og fellestiltak som bidreg til å utvikla skogbruket i kommunen, når tiltaket ikkje vert råka av andre etablerte tilskotsordningar som til

dømes midlar gjennom Innovasjon Norge. Dette kan til dømes gjelda bioenergiprojekt.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag. Fellesprosjekt kan verta gitt tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

Søknad og sakshandsaming:

§ 9. Søknadsfrist og krav til søknad.

Søknadsfrist er satt til 15. mai. Tiltaket må vera godkjent av kommunen før arbeid vert igangsett.

Søknad sendast til kommunen som avgjer om tiltaket får tilskot. Utgifter til planlegging kan inngå i tilskotsgrunnlaget. Ved fellestiltak skal det liggja ved skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader, ansvar og eventuelle vilkår.

§ 10. Vilkår.

Kommunen kan setja vilkår knytt til løyvinga.

§ 11. Utbetaling.

Kommunen kan utbetala løyvd tilskot etter skriftleg oppfordring frå søkjaren. Det kan betalast ut tilskott når tiltaket er gjennomført. Ved tilskott over kr: 10.000,- kan det gjevast delutbetalingar etter kvart som tiltaket vert utført. Utbetalingane skal vera på grunnlag av kvitteringar og/eller timelister over eige arbeid. Minst 25 % av tilskotet vert ikkje utbetalt før prosjektet er fullført. Ved sluttutbetaling skal det leggjast ved endeleg godkjent rekneskap og eventuelle timelister over eige arbeid.

§ 12. Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Kommunen kan krevje at tilskot vert tilbakebetalt, heilt eller delvis, om tiltaka ikkje er gjennomført etter vilkåra for tilskot. Krav om tilbakebetaling vert sett fram av kommunen. Tilbakebetalinga kan motreknast i tilskott som landbrukseigedomen utløyser. Om tilbakebetaling ikkje skjer innan fristen som vert sett, kan ein krevja forsinkingsrenter i tillegg, jf. *Lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.v.*

Krav om attendebetaling kan ikkje verte framsett seinare enn 10 år etter siste utbetaling.

§ 13. Handsaming av søknad

Regional landbruksplan for Hardanger gir målsetjingar og strategiar for bruk av midla. Det er landbruksadministrasjonen i kommunen som prioriterer og tilrår søknadene om tilskot. Ei gruppe bestående av representantar frå dei andre landbrukskontora i regionen vil kvalitetssikra og samordna dette arbeidet. Det er kommunestyret som har avgjerdsmynde.

§ 14. Opplysningsplikt og kontroll

Kommunen, Fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med formålet.

V **HANDLINGSPROGRAM/TILTAKSDEL**

5.1 Hovudmålsetjing i planen

Landbruksplanen skal vera eit verktøy for å sikre drift og vidare utvikling av moderne landbruksverksemd innan hagebruk-, skog- og husdyrproduksjon, samt kulturlandskap, tilleggsnæring og reiseliv.

5.2 Strategiar

5.2.1. Hagebruk

Auke og styrke lokal hagebruksproduksjon jf tiltaksplanane.

5.2.2. Husdyrproduksjon

Auke og vidareutvikle husdyrproduksjonen, og mangfaldet og kvaliteten i dyrehaldet. Legge til rette for samarbeid.

5.2.3. Skogbruket

Fremje aktivitet og stimulera til tiltak som ut frå ei heilskapleg vurdering er rasjonelle for den einskilde og for utviklinga i næringa.

Legge til rette for vidareforedling av virke, kvalitetsproduksjon, avverking og verdiskaping.

Forslag til plan for skogsvegar vert handsama som del av denne planen.

5.2.4. Kulturlandskap

Synleggjere og auke kunnskapen om verdiane.

Legge til rette for auka oppleving av landbruksområde med fokus på landskapskvalitet og tilgjenge.

Styrke næringsgrunnlaget.

Sikre aktiv bruk av fjord- og kulturlandskapet i Hardanger.

5.2.5. Tilleggsnæringar og reiseliv. Nye næringar i landbruket

Medverke til utvikling av nye næringar som tillegg til tradisjonelt landbruk
Nettverksarbeid.

5.2.6. Rekruttering og kompetanse

Sikre god kompetanse og medverke til levande fagmiljø og nettverk.

Stø opp gartnarskulen på Hjeltnes og Planteforsk Ullensvang.

Regional tiltaksplan

Tiltaka som fylgjer nedafor er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge, men er tiltak som det bør arbeidast med på tvers av kommunegrensene. I tiltaksplanane for dei einskilde kommunane er det også fleire tiltak som det kan samarbeidast om i fleire eller alle kommunane i planområdet.

1. Vi ønskjer å utarbeide skriv i samråd med reiselivsnæringa om god merking av stiar og turveggar. Dette skrivet er tenkt som ei tilråding til søkarar om til dømes SMIL-midlar til ferdsletiltak. Det er og ønskje om å lage eit forslag til avtale knytt til ansvar vedrørande vedlikehald av stiar og merking av desse.

Ansvar: kommunane
Oppstart: 2005

2. Det er ønskje om at det vert utarbeidd strategiar knytt til kommunane sitt handlingsrom i lovsaker

Ansvar: kommunane
Oppstart: 2005

3. Produksjon og omsetnad av pyntegrønt og juletre. Kommunane skal bidra til å auke samhandling og samarbeid i næringa så produsentane når ein større del av marknaden og vert meir konkurransedyktige

Ansvar: kommunane, produsentane
Oppstart: 2005

Tiltaksplan Jondal kommune

"Inn på tunet" (tidl. grøn omsorg). Samarbeid med "Jonatunet" (psykiatrisk heim) om dagsopphald på gardsbruk for deira klientar, om det er ynskjeleg for Jonatunet.
Skuleungdom i landbruket. Samarbeid mellom skulen og gardbrukarar i kommunen om utplassering av elevar i ungdomsskulen i kortare periodar, ev. gardsbesøk for yngre elevar.

Ansvar: Jondal kommune, Landbrukskontoret, Skulen
Oppstart: 2005

Auka vedproduksjon frå gardbrukarar i kommunen, meir samarbeid, t.d. nytt vedlager/ turkehus for ved i Herand.

Ansvar : Jondal landbrukskontor.
Oppstart: 2005

Småkraftverk

Ansvar: Grunneigarane, Jondal Energi, Jondal kommune.

Landbruksvikar: Arbeida for å få tilsett landbruksvikar i kommunen - sjukdomsavløyning og fritidsavløyning. Drøfta mogelege løysingar med faglaga.

Ansvar: Landbrukskontoret.

Avløysarkurs. Skipa til slike kurs for interesserte ungdommar over 16 år.

Ansvar: Jondal avløysarlag.
Gjennomføring: 2005

Grønt forum. Få til faglege og sosiale samlingar for gardbrukarar.

Ansvar: Jondal Bonde og Småbrukarlag.
Oppstart: 2005

Næringsfondet. Gjennomgå / revidera regelverket for tilskot i kommunen.

Ansvar: Jondal kommune.
Oppstart 2004/05.

Torgplass for sal av jordbruksvarer frå gardbrukarane. Dette må inn i reguleringsplan ved rullering.

Ansvar: Hovudutval for teknisk og næring.
Gjennomføring: 2004/ 05

Registrera småbruk i kommunen som ikkje er i drift/ ikkje busetnad på.

Ansvar: Landbrukskontoret.
Oppstart: 2004/ 05

Samdrifter. Oppmuntra til samdrifter i mjølkeproduksjonen (sauehaldet), og meir samarbeid.

Auka skogkultur. Få skogeigarane til å nyttiggjera seg dei nye tilskotsordningane.

Ansvar: Landbrukskontoret v/ Skogbrukssjefen

Kulturlandskapet. Stimulera til auka innsats og opplysa om tilskotsordningane. Prioritera at jordbruksareal vert hausta og stelt.

Ansvar: Jondal kommune og Landbrukskontoret.

Turisme / utleige knytt til gardsbruka kan aukast i vår kommune.

Ansvar: Jondal kommune og Jondal Reiselivslag

Auka bær- og grønsakproduksjon i kommunen.

Ansvar: Landbrukskontoret og Fagлага.

Oppstart: 2005

Tiltaksplan Odda kommune

KOMPETANSE OG FAGMILJØ

Indre Hardanger Forsøksring

Forsøksringen er ei faginstans for gardbrukarane i området, med formål å driva rådgjeving i jord og plantekultur. Forsøksringen ligg i budsjettet for 2004 inne med ei kommunal løyving på kr: 40.000,-.

Ansvar: Indre Hardanger forsøksring
Gjennomføring: Eksisterande tiltak
Kostnad 2004: Kr: 40 000,-

Avløysar til distriktsveterinær

Veterinærtenesta er viktig for å oppretthalda husdyrhaldet på gardsbruka i området. Veterinærdistriktet er kommunane Eidfjord, Ullensvang og Odda. Odda kommune har ei interkommunal avtale med Ullensvang og Eidfjord, der vi gjev tilskott til avløysar for distriktsveterinæren. Kostnadsfordelinga til denne ordninga reknast utifrå folketalet i dei tre kommunane. For 2003 utgjorde denne avtalen ei kostnad på kr 36 185 for Odda Kommune

Ansvar : Odda kommune
Gjennomføring: Eksisterande tiltak
Kostnad: kr 40 000

Landbrukskontoret i Odda Kommune

Landbrukskontoret i Odda Kommune har pr. 01.01.04. ei 100% stilling. For å kunna utføra pålagde oppgåver, skal kommunen disponera kvalifisert personell. Det er viktig for å oppretthalda kompetansen på kontoret.

Ansvar: Folkevalde i Odda Kommune
Gjennomføring: Eksisterande tiltak

Sauakafe

I Odda Kommune er det eit aktivt sauemiljø. Dette bør ein byggja opp om. Etablering av faste møteplassar vil truleg medverke til auka interesse og til å vidareutvikle produksjonen. Det skal skipas til uformelle treff med faginnslag minst fire gongar i året.

Ansvar: Brukarane, Sau og geitlagslaget
Gjennomføring: 2005

Avløysarbank

Det skal etablerast ein avløysarbank - eit nettverk der interesserte avløyargar kan melde seg og kor brukarar kan melde inn trong for avløysar

Ansvar: Odda Avløysarlag, Odda Kommune
Gjennomføring: Oppstart 2005

Kurs

Det skal arrangerast kurs i klipping av sau og sauesanking

Ansvar: Odda Kommune, Sau- og geitalslaget.
Gjennomføring: Oppstart 2005

KULTURLANDSKAP

Beitebruksplan

Tal beitedyr i regionen har gått ned. Dette gjer seg utslag i aukande attgroing og ei endring av kulturlandskapet. Det er viktig å auke medvitet om ressursane og utfordringane som ligg i innmark- og utmarksbeite. Via beitebruksplanar kan ein synleggjera verdien av beitedyra si hausting av den fornybare ressursen som graset i utmarka er, som grunnlag for matproduksjon, arbeidsplassar og busetjing. Ved å etablere beitebruksplanar får ein sett fokus på dei viktige beiteområda i kommunen og etablert tiltak mot attgroing. Kommunen skal stimulere til arbeid med og etablering av beitebruksplanar.

Ansvar: Landbrukskontoret, Indre Hardanger forsøksring, lokalt engasjement
Gjennomføring: 2005

Registrering av stølsvoller og slåttemyrer

Fleire gamle kulturmiljø i kommunen er i ferd med å forsvinne. Ei registrering av stølsvoller og slåttemyrer, og tilstanden på desse, kan danne grunnlaget for forvaltning av desse i åra framover.

Ansvar: Odda Kommune, gardbrukarane
Gjennomføring: 2005

Beiteformidling

Fleire beite er no utan dyr. Fleire dyr er utan beite. Det er no eit ønskje om å etablere eit nettverk der brukarar kan melde inn beite til leige, og kor leigetakarar kan venda seg ved behov. Odda kommune skal lage ein base for beiteformidling.

Ansvar: Odda Kommune
Gjennomføring: Oppstart 2005

MATTRADISJON

Mobilt slakteri

I dei seinare åra har regelverket kring slakting vorte strengare. Slakting på gardane for vidare sal er ikkje lovleg utan godkjenning frå Mattilsynet sin Kjøttkontroll. Strengt krav til mellom anna lokale gjer at få kjem gjennom nålauget. Det vert mindre slakting rundt på gardane, og med det fell mange av dei gamle mattradisjonane vekk. For å motverke denne trenden skal det arbeidast for å sjå om det er mogleg å få til eit mobilt slakteri med sertifiserte slaktarar som reiser rundt på gardane

Ansvar: Odda Kommune, Bondelaget
Gjennomføring: 2005

Eldhuset i Odda

Lokale for produksjon og sal av tradisjonsmat krev godkjenning av Mattilsynet. På grunn av at tilrettelegging av slike anlegg er både arbeids- og kostnadskrevjande, er det få som har høve til å gjennomføre slike tiltak. Ut frå dette er det eit ønskje om å bygge opp ein felles verkstad for folk med interesse for mattradisjon. Odda kommune og Bondelaget skal kartleggje interessa og sjå om det er mogleg å byggje opp eit eldhus i Odda.

Ansvar: Odda kommune, Bondelaget
Gjennomføring: 2005

SKOGEN

Formidling av vedteigar

Det er stor interesse for vedteigar i kommunen. Folk som ikkje har eigen skog kan kjøpa ved på rot av grunneigarane. Dette kan vera med på å halde kulturlandskapet opent og òg vera ein vekkjar og interesseskapar for innbyggjarane i kommunen. Odda kommune skal opprette ein base der grunneigarane kan melde inn teigar og der interesserte kan få oversikt over grunneigarar med ledige teigar.

Ansvar: Grunneigarane, Landbrukskontoret
Gjennomføring: Oppstart 2005

Kurs og opplæring

Det skal arrangerast kurs for nybyrjarar i hogstteknikk /trygging.

Ansvar: Odda Kommune, Skogeigarlaget Vest, BSF
Gjennomføring: Oppstart 2005

FLASKEHALSAR

Bru til bruka

Fleire bruk i kommunen har dårlege tilkomstvegar med smale bruer. Det er vanskeleg å komme over bruene med maskiner, reiskap, dyretransportar og liknande. Dette utgjør ein flaskehals for drifta. Det skal setjast i verk arbeid for å utbetre situasjonen.

Ansvar: Grunneigarane, Odda Kommune
Gjennomføring: Oppstart 2004

DIVERSE TILTAK

Besøksgard / Grøn omsorg

Etter fleire år med "Alternativ skule" på Mannsåker, er tilbodet lagt ned. Ein ser at eit slikt tilbod har hatt positive ringverknader. Kommunen skal i samråd med interesserte gardbrukarar prøve å etablere eit nytt tilbod til born og unge. Eldreavlastning på gardane kan vera ei ny nisje. Kommunen og interesserte gardbrukarar skal vurdere om dette er ei teneste som kan etablerast.

Ansvar: Kommunen, interesserte gardbrukarar
Gjennomføring: Oppstart 2005

Kolonihage / Beredskap

I dei store byane finst kolonihagar. Etter mønster av desse kan det på enkelte teigar leggas til rette for utleige til hobbygartnarar. Tiltaket skal vurderast opp mot jordvern og sjølvbergingssevne. Det skal lagast ein mal for leige av areal.

Ansvar: Gardbrukarane/grunneigarane, Bygdekvinnelaga i Skare og Odda, Odda Kommune
Gjennomføring: Oppstart 2005

Biogass / biobrensel

Utnytting av slakteavfall, biprodukt frå trevareindustrien og skog på rot er i vinden. Ein skal stimulere til aktivitet på området .

Ansvar: Bondelaget, Skogeigarlaget Vest, Odda Kommune
Gjennomføring: Oppstart 2004

Nedre Oddadalen Elveigarlag.

Det er eit ønskje om å få til eit organisert fiske heile vegen frå sjøen til Grønsdal. Fleire stader er tilrettelegging for fiske ei stor tilleggsnæring på gardane. Det skal organiserast temamøte og studietur til dømes Orkla eller Namsen for å auke aktivite på området.

Ansvar: Nedre Oddadalen Elveigarlag og Odda kommune
Gjennomføring: Oppstart 2005

Fôrformidling

Fleire bruk er no utan dyr. Fleire dyr er utan bruk (jf aukande interesse for hest). Det er no eit ønskje om å etablere eit nettverk der brukarar kan melde inn grovfôr for sal, og kor kjøparar kan venda seg ved behov. Odda kommune skal lage ein base for fôrformidling.

Ansvar: Odda Kommune
Gjennomføring: Oppstart 2005

Den Annsame

Tidsklemma møter vi og i landbruket. Kva er livskvalitet? Holdningsskapande arbeid

Ansvar: Odda kommune og organisasjonane
Gjennomføring: Oppstart 2005

Landbruksdagen

Ansvar: Organisasjonane
Gjennomføring: Årleg

Tiltaksplan Ullensvang herad

1. Landbruksvikarordninga

Ordninga må minst oppretthaldast på dagens nivå med ei 60 % stilling. Eigenbetalinga vart i perioden 2000 til 2002 auka med 50 % frå 100,- til 150,- kr pr. time. Denne auken gjorde at etterspørselen til landbruksvikarordninga gjekk ned. Som ei viktig velferdsordning for bøndene, mellom anna i samband med sjukdom, må denne ordninga prioriterast. Ordninga må reviderast, og timeprisen må vurderast på nytt.

Ansvar : Nærings- og utviklingsetaten
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : ca. 30.000

2. Indre Hardanger forsøksring

Forsøksringen er ein faginstans for gardbrukarane i området, med formål å driva rådgjeving i jord og plantekultur. Forsøksringen ligg i budsjettet for 2004 inne med ei kommunal løyving på kr: 125.000.

Kommune	Tal medlemmar
Ullensvang	254
Eidfjord	25
Ulvik	26
Granvin	2
Odda	74
Totalt tal medlemmar	411

Ansvar : Indre Hardanger forsøksring
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : Kr 125.000

3. Veterinærtenesta

Veterinærtenesta er viktig for å oppretthalda husdyrhaldet på gardsbruka i området. Veterinærdistriktet er kommunane Eidfjord, Ullensvang og Odda. Ullensvang herad har ei interkommunal avtale med Odda og Eidfjord, der me gjev tilskott til avløyssar for distriktsveterinæren. Kostnadsfordelinga til denne ordninga reknast utifrå folketalet i dei tre kommunane. For 2003 utgjorde denne avtalen ei kostnad på kr 17.045.

Ansvar : Odda kommune
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : Inntil kr: 30.000

4. Planteforsk , Ullensvang forskingssenter.

Planteforsk har fleire forskingsfelt, og er mellom anna eit viktig ressurscenter for fruktneringa i landet. Lokaliseringa på Lofthus i Ullensvang herad, gjer at me som landets største fruktkommune, har ei unik tilgang til kompetanse og forskingsresultat.

Heradet ser det som svært viktig at Planteforsk Ullensvang forskingssenter minst opprettheld dagens drift. Planteforsk-avdelingane er under omorganisering. Det er viktig for aktiviteten i Indre Hardanger at administrasjonen ikkje vert overflytta til Klepp på Jæren.

5. Landbrukskontoret i Ullensvang herad

Landbrukskontoret i Ullensvang/Eidfjord herad har pr. 01.01.04. 3,5 stillingar. Eidfjord kommune kjøpar landbruksfaglege tenester tilsvarande ei 50 % stilling frå Ullensvang herad. For å kunna utføra pålagde oppgåver, skal kommunen disponera kvalifisert personell. Det er viktig for å oppretthalda kompetansen på kontoret, at det ikkje vert kutt i tall stillingar.

Tilsette	Stillingsprosent
Jordbrukssjef	100
Skogbrukssjef	100
Fagkonsulent	100
Konsulent	50
Totalt tal årsverk	3,5

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Eksisterande tiltak

6. "Vestnorsk fruktsenter"

"Vestnorsk fruktsenter" er tenkt etablert på Kyrkjjetangen på Lofthus. Den skal ha eit overordna mål om å syna samspelet mellom kultur og natur som grunnlag for fruktdyrking og reiseliv. Senteret skal i tillegg skildra kyrkja si rolle i utviklinga av desse næringane. I samband med "Turistveg Hardanger" er senteret tenkt som ein "portal". Oppstart av prosjektet er avheng om ein klarar å få på plass finansieringa. Planteforsk vil få ei sentral rolle i arbeidet med prosjektet. Heradet har i 2004 løyvd kr: 500.000,- til eit sanitæranlegg i tilknytning til Ullensvang kyrkja, med atterhald om at fruktsenteret vert realisert. Det ser ut til at ei realisering av "Vestnorsk fruktsenter" er avhengig av prosjektet "Turistveg Hardanger". Heradet er i dialog med desse, og det er venta ei avklaring med det fyrste.

Ansvar : Politisk leiing/rådmann
Gjennomføring : Prosjektleiing og arbeidande styringsgruppe
Kostnad : kr: 500.000,- til sanitæranlegg med atterhald om realisering av fruktsenteret.

7. Beitebruksplan

Dette er eit prosjekt som er styrt av Fylkesmannen i Hordaland, der grender kan melda sin interesse til heradet. Dette er viktig for å bevisstgjere folk om ressursen og utfordringane som ligg i kulturlandskapet.

Ansvar : Landbrukskontoret
Gjennomføring : lokalt engasjement/grunneigarar
Kostnad : Kan søkja tilskott frå Fylkesmannen

8. Landbruksråd

For å få utvikla landbruksnæringa i heradet, skal det etablerast ein møteplass med representantar frå ulike delar av næringa. Desse bør vera frå faglaga, forvaltninga, rettleiingstenesta, forskinga og politikarar. Dette organet skal handsama aktuelle saker, og vera rådgjevande for forvaltninga i generelle saker som omhandlar landbruksnæringa. Indre Hardanger forsøksring har i dag eit samarbeid med årlege møte på fruktproduksjonssida. På sikt bør dette verta eit regionalt organ.

Ansvar : Landbrukskontoret/Indre Hardanger forsøksring
Gjennomføring : Samling etter behov

9. Jordbank

For å oppretthalda arealet med dyrka jord, skal det etablerast ein jordbank, der grunneigarar kan melda inn ynskje for leige eller utleige av jord. Denne ordninga vil kunna styrkja næringsgrunnlaget for aktive brukarar, i tillegg til at kulturlandskapet vert halde i hevd. Bortleige av jord bør vera på fleirårige skriftlege avtalar. Ein jordbank kan òg innehalde formidling av gjødsel og vedskog. Ullensvang herad skal lag med Eidfjord kommune søkja om prosjektmidlar til eit slikt prosjektet.

Ansvar : Politisk leiing/Rådmann
Gjennomføring : Landbrukskontoret

10. Kommunale tilskot

Heradet bør kunna gje tilskott til mjølkeprodusentar som kjøpar mjølkekvote. Dette er ein praksis som Ulvik og Eidfjord har i dag. Det vart i 2003 kjøpt mjølkekvotar på ca. 15.500 liter. Med ei kostnad på 4,5 kr/liter har dette ein kostnad på om lag kr. 70.000,-. Eit tilskot på 30 % ville vera ei god motivering for mjølkeprodusentane.

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Landbrukskontoret
Kostnad : Ca 21.000 kr.

11. Rekruttering

Det skal etablerast eit samarbeid mellom landbruksnæring og barne/ungdomsskule, som skal formidle kunnskap om landbruksnæringa i heradet, og motivera ungdom til å satsa på gardsdrift. Eksempel på tiltak kan vera: - SMIL- tilskot til tildømes slått og rydding av gamal slåtte eng. - Innføring av prosjektoppgåver som går på skogbruk, stell av husdyr og aktiv fruktdyrking. – Eit anna tiltak som kan vera aktuelt er å etablere ordningar som tildømes "Grøn omsorg".

Ansvar : Landbrukskontor/skule/gardbrukarar

12. Nedsett konsesjonsgrense

Ullensvang herad skal vurdere å setja ned konsesjonsgrensa i heradet. Dette kan gjerast ved å utarbeida eigen forskrift som set konsesjonsfridomen etter § 4 (konsesjonslova)fjerde lekkjen ut av kraft for:

- bebygd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad
- bebygd eigedom som ikkje er teken i bruk som heilårsbustad, under dette eigedom med bebyggelse under oppføring i område som i reguleringsplan etter plan- og bygningslov er regulert til bustadføremaal.

Slik forskrift kan innførast av Kongen etter søknad frå einskildkommunar. Nedsett konsesjonsgrense kan gjelda både for avgrensa område eller heile kommunen. Innføring av nedsett konsesjonsgrense inneber ikkje alltid at ein må busette seg på eigedom, men at ein har ein styringsmoglegheit for å regulera graden av fritidsbusetnad i kommunen.

Innføring av nedsett konsesjonsgrense (den gong kalla 0-konsesjon etter § 5 3.ledd) vart handsama av Heradsstyret i Ullensvang i desember 1998. Forslaget vart nedstemt.

Nytt politisk styre, endringar i lovverket og endringar i stoda m.o.t. busettingsmønster i heradet gjer at spørsmålet om nedsett konsesjonsgrense bør takast opp at til ny handsaming i Ullensvang.

Med bakgrunn i endringane i jord- og konsesjonslov skal det opprettast ein komité bestående av fire politikarar som skal koma med innstilling til heradsstyret i Ullensvang, om heradet skal innføra nedsett konsesjonsgrense.

Ansvar : Ordførar/Rådmann

Gjennomføring : Landbrukskontoret

13. Bruk av midlar frå "Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" (NMSK).

Utfordringane for skogbruket i heradet er mange. Spesielt viktig er det no at arbeidet med ungsogpleie ikkje vert forsømt. Ei anna viktig utfordring er å få bygd skogvegar, slik at kulturskogen vert tilgjengeleg. Skogvegar nytta som fleirbruksvegar er eit viktig trivselsmoment for innbyggjarane, då nye areal vert lettare tilgjengeleg for beitebruk, utmarksnæringar, friluftsliv og jakt. Område der det er tenleg med uttak av tømmer ved bruk av kabelbane framfor å byggja veg, vil verta prioritert for tilskot til dette tiltaket.

Fordeling av midlar til dei einskilde tiltaka er etter estimert behov og den 4-årige tiltaksplanen frå "Hovudplan veg for Ullensvang herad".

Tilskotssumane er det estimerte behovet for overføringar frå Fylkesmannen i Hordaland til "Nærings- og miljøtiltak i skog" (NMSK) i perioden 2005 til 2008.

År	Skogkultur	Vegbygging	Miljøtiltak i skog	Andre tiltak i skogbruket	Sum kr
2005	50.000	500.000	10.000	20.000	580.000
2006	60.000	600.000	10.000	20.000	690.000
2007	60.000	600.000	10.000	20.000	690.000
2008	60.000	600.000	10.000	20.000	690.000

Ansvar : Politisk

Gjennomføring : Landbrukskontoret

14. Bruk av midlar frå ”Spesielle miljøtiltak i landbruket” (SMIL).

Fordeling av midlar etter kommunal forskrift og 4-årig tiltaksplan for Ullensvang. For Ullensvang herad er reiseliv ein viktig næringsveg. Dette skuldast i stor grad kulturlandskapet som er forma av landbruksdrift gjennom lang tid. I samband med omlegginga frå manuell – til maskinell drift, og færre beitedyr, har mykje landbruksareal gått ut av produksjon. Denne trenden må ein freista å snu, og tiltak som går på restaurering av beite- og slåttemark skal prioriterast. Heradet skal frå år til år prioritera særskilte tiltak.

Tilskotssummane er det estimerte behovet for overføringar frå Fylkesmannen i Hordaland til ”Spesielle miljøtiltak i landbruket” (SMIL) i perioden 2005 til 2008.

År	Kulturlandskaps-tiltak	Gamle bygningar	Planleggings-tiltak	Forureiningstiltak/andre tiltak	Sum kr
2005	150.000	150.000	30.000	25.000	355.000
2006	160.000	160.000	35.000	25.000	380.000
2007	170.000	170.000	40.000	25.000	405.000
2008	175.000	175.000	40.000	25.000	415.000

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Landbrukskontoret

15. Av andre institusjonar som er viktige innan landbruksnæringa kan ein mellom anna nemne: Skogeigarlaget, fruktlagra, rekneskapskontora, Tine, Gilde, Fatland, Prior, Mattilsynet, Bondelaget, Bonde og småbrukarlaget og Sau og geitealslaget.

Tiltaksplan Eidfjord kommune

1. Landbruksvikarordninga

Ordninga må oppretthaldast. Eigenbetalinga vart i perioden 2000 til 2002 auka med 50 % frå 100,- til 150,- kr pr. time. Denne auken gjorde at etterspørselen til landbruksvikarordninga gjekk ned. Som ei viktig velferdsordning for bøndene, mellom anna i samband med sjukdom, må denne ordninga prioriterast. Ordninga må reviderast og verte meir tilgjengeleg for Eidfjord. Timeprisen må vurderast på nytt.

Ansvar : Landbrukskontoret
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : Kr 40.000

2. Indre Hardanger forsøksring

Forsøksringen er ein faginstans for gardbrukarane i området, med formål å driva rådgjeving i jord og plantekultur. Forsøksringen ligg i budsjettet for 2004 inne med ei kommunal løyving på kr: 19.000.

Kommune	Tal medlemmar
Ullensvang	254
Eidfjord	25
Ulvik	26
Granvin	2
Odda	74
Totalt tal medlemmar	411

Ansvar : Indre Hardanger forsøksring
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : Kr 20.000

3. Veterinær tenesta

Veterinærtenesta er viktig for å oppretthalda husdyrhaldet på gardsbruka i området. Veterinærdistriktet er kommunane Eidfjord, Ullensvang og Odda. Eidfjord kommune har ein interkommunal avtale med Odda og Ullensvang, der me gjev tilskott til avløyssar for distriktsveterinæren. Kostnadsfordelinga til denne ordninga reknast utifrå folketalet i dei tre kommunane. For 2003 utgjorde denne avtalen ei kostnad på kr 4.407.

Ansvar : Odda kommune
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : Inntil kr 12.000.

I tillegg har kommunen gjeve køyretilskott til distriktsveterinæren. Denne kostnaden var i 2003 på kr 8.000.

Ansvar : Distriktsveterinæren
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : Inntil kr 12.000.

4. Landbrukskontoret i Ullensvang/Eidfjord

Landbrukskontoret i Ullensvang/Eidfjord herad har pr. 01.01.04. 3,5 stillingar. Eidfjord kommune kjøper landbruksfaglege tenester tilsvarande ei 50 % stilling frå Ullensvang herad. For å kunna utføra pålagde oppgåver, skal kommunen disponera kvalifisert personell. Det er viktig for å oppretthalda kompetansen på kontoret, at det ikkje vert kutt i tall stillingar.

Tilsette	Stillingsprosent
Jordbrukssjef	100
Skogbrukssjef	100
Fagkonsulent	100
Konsulent	50
Totalt tal årsverk	3,5

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Eksisterande tiltak
Kommunal kostnad : 206.000

5. Beitebruksplan

Dette er eit prosjekt som er styrt av Fylkesmannen i Hordaland, der interesserte grender kan melda sin interesse til heradet. Dette er viktig for å bevisstgjere folk om ressursen og utfordringane som ligg i kulturlandskapet. Planen kan innehalda mellom anna: Kart med oversyn over innmarks- og utmarksbeite, gjerdehald, leigeavtalar, historikk, statistikk osv.

Ansvar : Indre Hardanger forsøksring
Gjennomføring : Grunneigarane

6. Landbruksråd

For å få utvikla landbruksnæringa i heradet, skal det etablerast ein møteplass med representantar frå ulike delar av næringa. Desse bør vera frå faglag, forvaltninga, rettleiingstenesta og politikarane. Dette organet skal handsama aktuelle saker, og vera rådgjevande for forvaltninga i generelle saker som omhandlar landbruksnæringa. Indre Hardanger forsøksring har i dag eit samarbeid med årlege møte på fruktproduksjonssida.

Ansvar : Landbrukskontoret/Indre Hardanger forsøksring
Gjennomføring : Samling etter behov

7. Jordbank

For å oppretthalde arealet med dyrka jord, skal det i Eidfjord kommune etablerast ein jordbank, der grunneigarar kan melda inn ynskje for leige eller utleige av jord. Denne ordninga vil kunna styrkja næringsgrunnlaget for aktive brukarar, i tillegg til at kulturlandskapet vert halde i hevd. Bortleige av jord bør vera på fleirårige skriftlege avtalar. Ein jordbank kan og innehalde formidling av gjødsel og vedskog. Eidfjord kommune skal i lag med Ullensvang herad søkja om prosjektmidlar til eit slikt prosjektet.

Ansvar : Landbrukskontoret
Gjennomføring : Landbrukskontoret/prosjektleder

8. Kommunale tilskot

Kommunen opprettheld ordninga med kommunalt investeringstilskot for jordbruket.

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Landbrukskontoret
Kommunal kostnad : 200.000 kr.

9. Rekruttering

Det skal etablerast eit samarbeid mellom landbruksnæring og barne/ungdomsskule, som skal formidle kunnskap om landbruksnæringa i heradet, og motivera ungdom til å satsa på gardsdrift. Eksempel på tiltak kan vera: - SMIL- tilskot til tildømes slått og rydding av gamal slåtte eng. - Innføring av prosjektoppgåver som går på motorsagbruk og jegerprøve. Andre tiltak som kan vera aktuelle er å etablera ordningar som tildømes "Grøn omsorg".

Ansvar / Gjennomføring: Landbrukskontor/skule/grunneigarar.

10. Samspel mellom landbruk og turisme

Turisme er ein viktig næringsveg i Eidfjord. Både turistar og innanbygdsbuande sett pris på eit variert og velstelt kulturlandskap. Det er difor naudsynt setja fokus på forureining frå landbruket og anna næring. Kommunen skal arbeida for å hjelpe gardbrukarane til å finne løysningar på utfordringane. Det skal difor etablerast ein gruppe, beståande av bondelag reiselivslag og forvaltning, som skal utarbeida ein miljøstrategi for landbruket.

Ansvar: Landbrukskontoret
Gjennomføring: Reiselivslaget, bondelaget, eining for areal og miljø.

11. Bruk av midlar frå "Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" (NMSK).

Fordeling av midlar etter kommunal forskrift og 4-årig tiltaksplan med mellom anna grunnlag i hovudplan veg for Eidfjord kommune. Utfordringane for skogbruket i kommunen er mange. Spesielt viktig er det no at arbeidet med ungsogpleie ikkje vert forsømt. Ei anna viktig utfordring er å få bygd skogvegar, slik at kulturskogen vert tilgjengeleg. Skogvegar er òg eit viktig trivelsmoment for innbyggjarane, då nye areal vert lettare tilgjengeleg for mellom anna utøving av friluftsliv og jakt.

Tilskotssummane er det estimerte behovet for overføringar frå Fylkesmannen i Hordaland til "Nærings- og miljøtiltak i skog" (NMSK) i perioden 2005 til 2008.

År	Skogkultur	Andre tiltak i skogbruket	Sum kr
2005	20.000	20.000	40.000
2006	20.000	20.000	40.000
2007	20.000	20.000	40.000
2008	20.000	20.000	40.000

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Landbrukskontoret

12. Bruk av midlar frå "Spesielle miljøtiltak i landbruket" (SMIL).

Fordeling av midlar etter kommunal forskrift og 4-årig tiltaksplan for Eidfjord. For Eidfjord kommune er turismen ein viktig næringsveg. Dette skuldast i stor grad kulturlandskapet som er forma av landbruksdrift gjennom lang tid. I samband med omlegginga frå manuell – til maskinell drift, og færre beitedyr, har mykje landbruksareal gått ut av produksjon. Denne trenden må ein freista å snu, og tiltak som går på restaurering av beite- og slåttemark skal prioriterast. Heradet skal frå år til år prioritera særskilte tiltak.

Tilskotssummane er det estimerte behovet for overføringar frå Fylkesmannen i Hordaland til "Spesielle miljøtiltak i landbruket" (SMIL) i perioden 2005 til 2008.

År	Kulturlandskaps-tiltak	Gamle bygningar	Planleggings-tiltak	Forureiningstiltak/andre tiltak	Sum kr
2005	50.000	60.000	20.000	20.000	150.000
2006	60.000	60.000	20.000	20.000	160.000
2007	70.000	70.000	20.000	20.000	180.000
2008	75.000	75.000	20.000	20.000	190.000

Ansvar : Politisk
Gjennomføring : Landbrukskontoret

Tiltaksplan Ulvik herad

Hagebruk

Auke frukt- og bærproduksjonen

Fruktdyrking er eit av særtrekka i Hardanger, og Ulvik har gode vilkår for produksjon. Det er òg tradisjon for bærproduksjon i bygda, og dette potensialet kan truleg utnyttast meir. Adrift, fokus på verdiskaping og nye samarbeidsformer stimulerer og styrkjer næringa.

Ansvar: Hagebrukarar, Indre Hardanger Forsøksring
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Vidareforedling av produkt frå hagebruksnæringa

Opphavsmerking, utvikling og foredling av hagebruksprodukt opnar høve til for auka verdiskaping, samstundes som det er med til å sikra produksjonsgrunnlaget for hagebruket. Dette kan skje hjå den einskilde produsent og/ eller i samarbeid med andre. Torgdagar, møteseriar med informasjon og fokus på potensiala kan vere tiltak for å få i gang gode prosessar.

Ansvar: Hagebrukarar, Hardanger Fjordfrukt BA
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Husdyrproduksjon

Gjødselhandtering

Kopling mellom ledig spreieareal og brukarar som har trong for meir areal. Landbruksråd og landbrukskontor kan administrere ordninga. Det kan òg verta mogleg for private å få tak i gjødsel gjennom ordninga.

Ansvar: Landbrukskontoret/ Landbruksråd
Gjennomføring: 2006
Kostnad: Kr 5000,-

Samdrifter

Det er opna for bruk av samdriftsformer i fleire typar husdyrhald, ikkje berre mjølkeproduksjon. Det bør arbeidast for at det vert prøvd ut, der det ligg til rette for det. Ordna fritid for gardbrukarane er viktig både for å halde ut i yrket, men òg for å sikre rekruttering til drifta. Vitjing av samdrifter og informasjon gjennom møteseriar kan vere aktuelt.

Ansvar: Gardbrukarar, Ulvik bondelag, Ulvik bonde- og småbrukarlag.
For samdrift mjølkebruk kan produsenttenesta hjå Tine vere aktuell.
Gjennomføring:
Kostnad:

Styrkje sau- og geitehaldet

Det er viktig å skape interessa for sauehald og halde motivasjonen oppe hjå dei som allereie driv. Det er for lite beitedyr totalt sett i Ulvik i dag, og det er plass og trong for auka småfehald. Skal kulturlandskapet skjøttast og haldast ope og tilgjengeleg, er sau (geit) beste aktøren. Stimulere til auka produksjon.

Ansvar: Gardbrukarar, Ulvik bondelag, Ulvik bonde- og småbrukarlag.
Gjennomføring: Kontinuerleg.
Kostnad:

Beitelandskap

Vidareføring og utvikling av eksisterande prosjekt som grunneigarar i Ulvik deltek i. Planar for samarbeid og beitebruk kan inngå som delplan i arealplanen for heradet.

Ansvar: Deltakarar i prosjektet
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Jordbank

For å oppretthalde arealet med dyrka jord, kan det i Ulvik etablerast ein jordbank, der grunneigarar kan melda inn ynskje for leige eller utleige av jord. Denne ordninga vil kunne styrkje næringsgrunnlaget for aktive brukarar, i tillegg til at større del av kulturlandskapet vert halde i hevd.

Ansvar : Landbrukskontoret/ Landbruksråd
Gjennomføring: innan 2007, men parallelt med tiltaket 'Gjødselhandtering'.
Kostnad: Kr 5000,-

Økologisk landbruk

Fremje økologisk produksjon og omsetnad

Trendane i tida viser at det er eit auka fokus på helse og omsut for miljøet og elles stor interesse for variert mat (gjerne lokalt produsert og med 'historie'). Undersøkingar viser at det er auka betalingsvilje for økologiske matvarer. Samstundes er det eit uttrykt politisk mål at 10 % av jordbruksarealet i Noreg skal vere økologisk innan 2010. Kva kan Ulvik bidra med her?

Ansvar: Landbruksråd
Gjennomføring: 2006
Kostnad:

Skogbruk

Skogsveggar

Sikra at arbeidet med utvikling av skogsvegane vert oppretthalden, slik at ein får ein rasjonell vegstruktur i heradet som brukarane og næringa er tent med. Vurdera om ein skal nytta skogsvegmidlar til å utbetre kommunale flaskehalsar. Prosjekt som er innanfor område skissert i hovudplan veg for Ulvik herad, skal prioriterast.

Ansvar: Landbrukskontoret
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Skogkultur

Auka fokus på skogkultur i heradet. Dette gjerast gjennom årlege skogkulturprosjekt, som me har hatt nokre tidlegare år i Ulvik. Gjennom eit slikt prosjekt vert det tilsett ein prosjektmedarbeidar som driv oppsøkjande verksemd mot den einskilde skogeigar. Denne prosjektmedarbeidaren driv óg utførande skogkulturarbeid, og vil vere sjølvfinansierande hovuddelen av tida. Kostnaden vil vere knytt til den oppsøkjande verksemda, resten vil verte finansiert gjennom tilskot og eigenbetaling. Eit slikt prosjekt vil vere med på å sikra at det er nokon til å utføra skogkulturarbeid, men vil også kvalitetssikra det praktiske arbeidet. Prosjektet kan organiserast i samarbeid med naboherad.

Ansvar: Landbrukskontoret
Gjennomføring: Årleg prosjekt
Kostnad: om lag 30.000

Bioenergi

Auka fokus på bioenergi som alternativ oppvarmingskjelde i både offentlege og private bygg. Det vil vere viktig å påverka heradet til å vurdere alternative oppvarmingskjelder i samband med utbetring av eksisterande bygg eller nybygg. Vurdere trongen av ein flishoggar, og kva marknad som eksisterar i og utanfor bygda. Dette er og viktig i samband med det arbeidet som vert gjort i tiltak knytt til kulturlandskapet, som til dømes rydding av lauvvyrke. Kartleggja kva flis som kan nyttast til kva føremål.

Ansvar: Ulvik skogeigarlag i samarbeid med landbrukskontoret
Gjennomføring:
Kostnad:

Organisert sal/ formidling av ved

Ulvik har store resursar når det gjeld lauvtre. I skogbruksplanen frå 1989, er det rekna vel 70.000 m³ ståande kubikkmasse lauvtre. Lauvskogen har ein årleg tilvekst på om lag 1100 m³. Desse tala inkluderar berre lauvvyrke som står på skogsmark. Om ein tek med det som vert produsert i kulturlandskapet, er tala monaleg større. Det ligg eit stort verdiskapingspotensiale i lauvvyrke, men det kan sjå ut som at ein treng eit samla omsetjingsledd. Ein ynskjer å undersøkje om det er mogleg å få til ei omsetjing av lokalprodusert ved, både for lokal marknad, men og retta mot hyttefolk og større tettstader.

Det er fleire i bygda som har investert i vedmaskiner og produksjonen vert auka. I dag vert omsetjing av denne veden stort sett gjort av produsenten sjølv

Ansvar: Ulvik Skogeigarlag
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Vedbank

Det skal opprettast ein base der grunneigarane kan melde inn ved og vedteigar og der interesserte kan få oversikt over kven som sel ved og grunneigarar med ledige teigar.

Ansvar: Ulvik herad og Ulvik Skogeigarlag
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Kvalitetsvyrke lauvtre

Det har nasjonalt og regionalt vore satsa på kvalitetsvyrke av lauvtre dei seinaste åra. Ulvik har eit aktivt brukt kulturlandskap, store lauvtre har vore ein viktig del av landskapet. Dei biologiske føresetnadane for produksjon av kvalitetsvyrke er absolutt tilstades både i kulturlandskapet og på ordinær skogsmark. Det bør rettast større fokus på det potensialet som lauvtre har utover vedproduksjon. Gjennom informasjonsarbeid og temakvelder, kan ein stimulera på auka satsing på lauvtre.

Ansvar: Ulvik skogeigarlag i samarbeid med landbrukskontoret
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Kulturlandskap

Kulturlandskap

Aktive kulturlandskap gjev identitet, tilknytning og trivnad i lokalsamfunnet, samstundes som tilreisande kan oppleve landskapskvalitetane i landbruksbygda Ulvik. Kulturlandskapet har ei rekke positive verdiar: økonomiske, biologiske, kulturhistoriske, pedagogiske og vitskapelege verdiar. Det er ei utfordring å klara å oppretthalde aktiv bruk av kulturlandskapet med endra driftsformer og reduksjon i dyretal. Ved å skapa forståing for at til dømes gamle buføringsvegar, utslåtter, husmannsplassar, steingjerde og beite representerer verdiar både for gardbrukarane og ålmenta, sikrar ein interesse for at dette vert teke vare på vidare. Det skal vere aktiv bruk og utnytting av kulturlandskapet i Ulvik.

I tillegg til aktivt informasjonsarbeid om tilskotsordningar, kan det vere aktuelt å gjennomføre eit prosjekt der ein tilset "kulturlandskapsarbeidar". Denne personen kan nyttast, i vid forstand, av brukarane i Ulvik til kulturlandskapsarbeid.

Prosjektmedarbeidaren kan òg ha andre oppgåver knytt til arbeid med kulturlandskapet. Det kan vere å gjere ymse registrere m.o.p. kulturlandskapsverdiar; t.d. naustmiljø, stølsvollar, slåttemyrer.

Ansvar: Grunneigarar,
Gjennomføring: 2005
Kostnad: Tilskot, elles finansiert av brukarane av tenesta

Tilleggsnæringar

Kortreist mat

Prøve å få til eit nettverk om mat som ikkje har vore ute av regionen. Utnytta potensialet i det som fins av lokal produksjon og stimulere nye aktørar. Stimulera brukarar som ynskjer å satsa på ei lokal foredling og omsetjing av lokalproduserte

råvarer. Dette kan gjelda kjøt, frukt, bær eller grønnsaker. Tilrettelegging for felles kompetanseheving og kursing. Omsetjingskanalar.

Ansvar: Fagлага i samarbeid med t.d. skulebutikken på Hjeltnes
Gartnarskule, Slow Food Hardanger, Mattilsynet.
Gjennomføring: 2005-2006
Kostnad:

Havbruk

Utvikling av havbruk som ny næring har vore eit nasjonalt satsingsområde dei siste åra. Skjeldyrking knytt til landbrukseigedomar kan vere ei interessant tilleggsnæring for fleire. Også andre maritime artar kan vere aktuelle for oppdrett eller hausting. Legga til rette for og stø opp om aktuelle aktørar m.a. gjennom tilrettelegging av areal, fellesaktivitetar, informasjon.

Ansvar: Ulvik Skjell AS, Hardanger Skjeldyrkarlag, interesserte grunneigarar.
Gjennomføring:
Kostnad:

Småkraftverk

Det vert frå sentrale styresmakter lagt til rette for bygging av småkraftverk. Det kan òg liggja til rette for det i Ulvik. Utbygging av kraftpotensiale kan verta ei god tilleggsnæring for einskilde bruk, og det bør verta auka fokus på moglegheitene ei slik utbygging kan gje utøvarane i landbruksnæringa.

Ansvar: Grunneigarar, Næringsrådgjevar
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Reiseliv

Gardsturisme

Det ligg eit potensiale i gardsturisme med utgangspunkt i lokal kultur og tradisjon. Ein ynskjer å stimulera til å satsa på gardsturisme og besøksgardar. Bygga nettverk mellom dei aktørane som allereie driv med slik verksemd.

Ansvar: Ulvik Reiselivslag i samarbeid med tilbydarar.
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Rekruttering

Ungdom og identitet

Tiltak som kan styrkja motivasjonen for unge til å ta over gardsbruk. T.d. motorsagkurs/hogstteknikkurs, elevbedrifter i samarbeid med skulen, ekskursjonar.

Ansvar: Landbruksråd
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Tilflytting gardsbruk

Få til felles prosjekt for regionen for å kartlegga omfang av gardsbruk kor det ikkje bur folk, eller system for kontroll av oppfylling av buplikta. Få engasjert nokon til å vere pådrivarar i høve omsetning av aktuelle eigedommar (jf modell frå Telemark).

Ansvar: Regionrådet i samarbeid med landbrukskontor/ Landbruksråd
Gjennomføring: 2006
Kostnad:

Fagmiljø

Landbruksråd

For å medverke til utvikling av landbruksnæringa i kommunen, kan det etablerast ein møteplass med representantar frå ulike delar av næringa. Desse bør truleg vera frå faglaga, forvaltninga, rettleiingstenesta, FoU og politikken. Landbruksrådet kan kome med innspel og idear til forvaltninga og landbruksnæringa elles. Indre Hardanger Forsøksring har i dag eit samarbeid med årlege møte på fruktproduksjonssida, og kanskje kan dette organet danne eit utgangspunkt for eit landbruksråd? Landbruksrådet vert ansvarleg for revidering av landbruksplanen innan utgongen av 2006.

Ansvar : Landbrukskontoret/ komité for landbruksplanen
Gjennomføring: 2005/ 2006
Kostnad:

Felles landbrukskontor for Ulvik herad og Granvin herad.

Det viktig for utvikling og styrking av fagmiljøet at nivået på tenesteyting innanfor landbruk ikkje vert redusert. Kan samordna fagkompetanse fremje og forsterke det faglege miljøet og auke kvaliteten på desse tenestene? Landbrukskontoret er ein ressurs for landbruket.

Ansvar: Heradstyret
Gjennomføring: Årlege budsjettvedtak
Kostnad:

Tiltaksplan Granvin herad

I tiltaksplanen finn de følgjande forkortingar:

- GH – Granvin herad
- GB – Granvin bondelag
- GS – Granvin skogeigarlag
- SKV – Skogeigarlaget Vest

Tiltaka er ikkje prioriterte

Jordbruk

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Etablere "ku- og kaffiklubben"	GH, GB	2004
Støtte til kjøp av mjølkekvote	GH	
Motivere til tradisjonell stølsdrift	GH, GB	
Oppretthalda landbruksvikartenesta	GH	
Utarbeide retningslinjer for jordvern	GH	
Vidareføra kontakt med 10. klasse på skulen (yrkesretteiing)	GB	Årleg
Etablere marknadsdagar/torgdag med utgangspunkt i landbruket	Faglag	Årleg
Kartlegga interessa for oppstart av Bygdaservice	GH, GB, GS	2004
Gjennomgang/styrking av funksjonar på landbrukskontoret	GH	2004
Oppretthalda kompetanse og rettleiingsteneste for bønder gjennom økonomisk støtte til Hordaland Forsøksring	GH	2004

Skogbruk

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Kurs/opplæring av ungdom/ynge gardbrukarar	GS, GH	Årleg
Ungskogprosjekt, planting og rydding av ungsog, med tilskot til skogreising	GH, GS	Årleg
Registrering av MIS (miljø i skogbruket)	SKV, GH	Innan 2005
Satsa på gode driftsvegar/traktorvegar	GH	
Oversiktsplan for skogvegbygging	GH	2004
Bygga opp lokale driftsapparat (t.d Lars S. Velken og Håvard Trå)	GS, SKV	
Faglege og sosiale tiltak som styrker skogbruksmiljøet	GS, GH	Årleg

Samordna nisjeproduksjon som pyntegrønt, laftetømmer, lauvskur osv	GH, GS	
Tilrettelegging av skog som friluft- og rekreasjonsområde	GH	

Tilleggsnæringar

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Skule/barnehage tilgang og kontakt med landbruket gjennom besøksgardar/Inn på tunet/Grønt samarbeid	Næringsdrivande i landbruksnæringa	
Tilrettelegging for kraftutbygging i kommunale planar	GH	Ved utarbeiding/rullering av planar
Tilrettelegging for havbruksnæring knytt til landbrukseigedomar inn i kommunale planar	GH	Ved utarbeiding/rullering av planar
Auka tilbodet av lokalprodusert og foredla kvalitets- og tradisjonsvarer	Næringsdrivande i landbruksnæringa	Kontinuerleg
Stimulere til etablering av ressursgrupper innan ulike tema (t.d nytting av vassressursar, utvikling og etablering av tilleggsnæring – frå ide til næring	GH, Faglag, Andre	Kontinuerleg
Betre nytting av ressursane i Granvinsvassdraget. Stimulere til samarbeidsformer	GH v/vilt- og innlandsfiskeremnda	2004
Tilrettelegging for turisme og hyttebygging knytt til landbrukseigedomar inn i kommunale planar	GH	Ved utarbeiding/rullering av planar
Satsa på bioenergi som alternativ til oppvarming		

Miljø- og kulturlandskap

Aktive kulturlandskap gjev høve til næring, identitet, stadkjensle og trivsel i samfunnet. Tilreisande kan oppleve landskapskvalitetane i ei bygd tufta på landbruksdrift og landbrukstradisjonar. Kulturlandskapet har ei rekke positive verdiar: økonomiske, biologiske, kulturhistoriske, pedagogiske og vitenskaplege.

Med endra driftsformer og dyretal er utfordringa å oppretthalda aktiv bruk av kulturlandskapet. Ved å skapa forståing for at t.d. gamle styvingstre, buføringsvegar, utslåttar, husmannsplassar, steingjerde, beite og slåtteteigar representerer verdiar både for gardbrukar og ålmenta, sikrar ein interessa for at dette vert teke are på vidare. Det skal vera aktiv bruk og nytting av kulturlandskapet i Granvin.

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Kurs/aktiviteter knytt til stell og skjøtsel av kulturlandskapet	Granvin herad (evt samarbeid med andre kommunar i Hardanger)	Årleg
Beitenytting/lokale tiltaksplanar på grendanivå	Næringsdrivande i landbruket, Grendene	

STATUS OG UTVIKLING FOR LANDBRUKET I REGIONEN

Det meste av talmaterialet er henta frå LIB, Landbrukets informasjonsbase.

1 Kompetanse

Landbruket i Hardanger har ein unik variasjon og ei stor fagleg breidde. Faglaga har god oppslutning, og forsøksringane har dei seinare åra fått auka medlemstal.

Planteforsk avdeling Ullensvang representerer fagkompetanse innan forskning og næringsutvikling i frukt- og bær dyrking på internasjonalt nivå. Senteret har forskingsaktivitet og utfører utviklingsarbeid også på områda planteforedling, økologisk landbruk, kulturlandskap og plantevern. Dette har klart positive ringverknader for landbruket i regionen.

Det er viktig at dei funksjonane som Hjeltnes gartnarskule og Grønt kompetansesenter har innan grunnutdanning og kompetanseheving innan hagebruk vert sikra i framtida. Tilboda deira verkar sterkt til å oppretthalde kompetanse og entusiasme i næringa.

Tidlegare har kommunane vore pålagde å ha jordbruks- og skogbruksfagleg kompetanse. Dette kravet fall vekk ved endringa av jordlova 1.1.2004. Kompetanse og faglege pådrivarar er ofte avgjerande for aktivitetsnivået. Tabellen som følgjer viser ei grov oversikt over kompetansen i dei ulike kommunane og ei gradering av denne:

Ingen kompetanse :	0
Trenger noe støtte:	1
God kompetanse:	2

Fagområde	Kompetanse	Ullensvang/ Eidfjord	Jondal	Ulvik	Granvin	Odda
Skogbruk	Vegbygging	2	1	1	1	1
	Biologi	1	1	2	2	1
	Driftsteknikk	2	1	2	2	0
	Skogskjøtsel	2	1	2	2	1
	Juletreproduksjon	1	1	1	1	0
Jordbruk	Husdyrbruk	2	2	2	2	1
	Fôrproduksjon	1	2	2	2	1
Hagebruk	Frukt	2	1	2	2	1
	Bær	2	1	2	2	1
	Grønsakdyrking	1	1	2	2	1
	Økologisk drift	1	0	1	1	1
	Veksthusproduksjon	1	0	2	1	1
	Prydbusker og trær	0	0	2	1	2
	Blomar	0	0	1	1	2

Fagområde	Kompetanse	Ullensvang/ Eidfjord	Jondal	Ulvik	Granvin	Odda
Miljø	Kulturlandskap	2	2	2	2	2
	Forureining	1	2	2	1	1
	Vilt	2	2	2	2	2
	Fiske	1	1	2	2	2
	Tekniske anlegg	2	2	2	2	1
	Verneverdige bygg	1	2	1	1	1
	Nybygg	1	1	1	2	0
Jus	Konsesjonslova	2	2	2	2	2
	Jordlova	2	2	2	2	2
	Odelslova	2	2	2	2	2
	Skoglova	1	1	2	2	1
	Hundelova	1	0	1	1	1
	Viltlova	2	2	2	2	2
Økonomiske verkemidler	BU	2	1	2	2	1
	SMIL	2	1	2	2	2
	Skog	2	1	2	2	1

Eidfjord kommune leiger landbruksfagleg kompetanse av Ullensvang herad. Ulvik herad og Granvin herad deler skogbrukssjef og fagkonsulent jordbruk.

2 Produksjonstilskot

Vilkåra for å ta imot produksjonstilskot i jordbruket har endra seg dei seinare åra. Tidlegare måtte ein søkjar drive minst ti daa jordbruksareal. Etter endringa i *Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket av 1.7.2002* er tilskotet knytt opp mot føretak og omsetnad. Dette har for dei fleste kommunane i regionen ført til ein viss nedgang i talet på søkjarar og bruk i drift.

Tabellane som følgjer viser situasjonen 1.7.2004.

Bedrifter med jordbruksdrift

	Tal bedrifter i alt	Tal med minst 5 daa	Tal med minst 5 daa og drift	Jordbr. areal i drift (daa)	Jordbr. areal minst 5 daa (daa)	Jordbr. areal minst 5 daa og drift (daa)
1227 JONDAL	105	69	67	5039	5039	4994
1228 ODDA	132	92	90	5149	5149	5120
1231 ULLENSVANG	355	290	287	14001	13997	13906
1232 EIDFJORD	58	36	35	2891	2890	2848
1233 ULVIK	111	73	72	6743	6742	6742
1234 GRANVIN	103	65	65	5020	5020	5020
SUM	864	625	616	38843	38837	38630

Føretak med jordbruksdrift

	Føretak i alt	ENK	ANS	AS	UREG	Alle andre
1227 JONDAL	69	59	1	0	7	2
1228 ODDA	94	89	0	0	5	0
1231 ULLENSVANG	295	287	1	1	4	2
1232 EIDFJORD	38	32	0	0	6	0
1233 ULVIK	77	70	1	0	5	1
1234 GRANVIN	69	52	1	0	13	3
SUM	642	589	4	1	40	8

Ut frå dei neste to tabellane kan ein sjå at talet på søkjarar i regionen har gått ned med 13,6 %, eller frå 661 til 571 frå 2001 til 2003. Prosentvis nedgang har vore størst i Granvin og Jondal med høvesvis 29,2 og 25,3 % nedgang. Eidfjord har hatt 21 % nedgang og Ulvik 13,8 %. Odda og Ullensvang kjem best ut på statistikken med 9,9 % og 7,2 % nedgang.

Søkjarar med ulike produksjonar august 2003 (periode 030410):

	Søkjarar i alt	Med husdyr produksjon	Med plante produksjon	Med økologisk produksjon	Med for i fjellet	Med sal av for	Med sæterdrift
1227 JONDAL	56	51	56	0	0	0	1
1228 ODDA	82	77	80	1	10	7	6
1231 ULLENSVANG	283	109	283	3	0	1	0
1232 EIDFJORD	30	26	30	1	5	3	1
1233 ULVIK	69	58	69	3	2	1	1
1234 GRANVIN	51	48	50	1	3	6	2
SUM	571	369	568	9	20	18	11

Søkjarar med ulike produksjonar august 2001 (periode 010210):

	Søkjarar i alt	Med husdyr produksjon	Med plante produksjon	Med økologisk produksjon	Med for i fjellet	Med sal av for	Med sæterdrift
1227 JONDAL	75	67	74	0	0	1	1
1228 ODDA	91	83	91	0	14	11	7
1231 ULLENSVANG	305	118	305	0	0	2	0
1232 EIDFJORD	38	32	38	0	5	4	1
1233 ULVIK	80	65	80	0	0	4	1
1234 GRANVIN	72	60	68	0	4	9	0
sum	661	425	656	0	23	31	10

3 Økologisk produksjon

